

SAK 50/20 FORSTUDIE UTVIKLING NORTURA GOL

Saksopplysning

Regionrådet for Hallingdal har uttrykt sterk bekymring til Nortura sine planar om å leggje ned den største industriarbeidsplassen i Hallingdal. For Hallingdal er det dramatisk når ei hjørnesteinsbedrift som Nortura blir truga med nedlegging. Næringsutvikling og sikre arbeidsplassar er sentralt i regionrådet sitt arbeid.

Det er ikkje fatta vedtak om framtida til anlegget på Gol, dette ligg eit stykke fram i tid (2022).

Vurdering

Nortura sitt anlegg på Gol er eit veldrive anlegg som har vist evne til innovasjon over lang tid, og som kan vise til gode resultat. I ein slik samanheng kan det verke som eit paradoks at ein skal «ofre friske delar av kroppen, for å prøve å få kroppen frisk».

Dersom Regionrådet for Hallingdal skal engasjere seg i eit arbeid for å sikre eller snarare utvikle Nortura sitt anlegg på Gol, må det skje no. Å vente til Nortura har gjort sin vurderingar vil med stor sannsynlegheit vera eit arbeid som er har liten slagkraft.

I denne omgang blir det føreslege å gjennomføre eit arbeid med ei fagleg tilnærming, i form av ei forstudie/mogelegheitsstudie med eit tilnærma heilårskonsept. I vurderingane vil m.a. dette vera tema; geografiske område, råvaregrunnlag, vidareforedling/spesialprodukt, ulike konsept, marknad og trendar, logistikk, vareforsyning og tillit. Tilnærminga er eit integrerte anlegg med slakting/skjæring/foredling og utvikling av produkt og konsept. Eit slikt anlegg kan ha ein unik kompetanse på å innovere i heile verdikjeda og utnytte det beste frå «heile dyret».

Det blir vurdert som ein fordel at Nortura Gol ligg i ein av dei største reiselivsregionane i landet, der det er stor matfagleg kompetanse og kjøpekraft. Hallingdal vil kunne vera eit «laboratorium» i stor skala, i eit utviklingsarbeid.

Til å gjennomføre denne type arbeid må det engasjerast person(ar) som har spisskompetanse innan fagområdet.

Det blir vurdert som føremålstenleg å koma i gang med arbeidet snarast råd, med levering av forstudie i november 2020.

I samband med arbeidet bør det og etablerast ei referansegruppe.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal ynskjer å setja i gang ei forstudie/mogelegheitsstudie, i eit arbeid for å utvikle Nortura sitt anlegg på Gol.
2. Kostnadane er rekna til i storleik kr. 120.000, der det blir føreslege til finansiering:
 - Regionrådet for Hallingdal kr. 40.000
 - Gol kommune kr. 40.000
 - Viken fylkeskommune kr. 40.000Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 40.000 til arbeidet frå potten Strategisk plan for Hallingdal.
3. Dagleg leiar får i oppdrag å:
 - avklare mogeleg finansiering frå Gol kommune og Viken fylkeskommune.
 - Engasjere fagpersonar til å utføre fagleg del av forstudie
 - Etablere egna referansegruppe
 - Nødvendig oppfølging slik at forstudie er gjennomført i løpet av november 2020.

Hallingdal 22.9.2020

Knut Arne Gurigard
Seniorrådgjevar